

REFERAT FRÅ AVLSMØTE PÅ THON HOTEL JØLSTER, 11.08.21 KL 18

22 personar deltok på møtet.

Tom Idar Kvam leia møtet.

NYTT FRÅ AVLSRÅDET

Obligatoriske registreringar: Det er viktig å registrere frávende lam.

Genomisk seleksjon på SPÆL blir innført frå 2022.

Gentesting utanom vereringane: Dette har vore på høyring i fylka. Har kome fram synspunkt på at dette vil undergrave arbeidet i vereringane. Gentesting utanom vereringane er ikkje lov per august 2021, men dette skal endeleg avgjerast av styret i NSG.

Livdyrprisar: Det er forslag om ein grunnpris på gentesta kåra verlam på kr 3300,- + kr 100 per poeng over 115 i o-indeks. Dette blir truleg endra fordi kåra verlam med dette forslaget blir for dyre for bruksbesetningane.

Farga lam på NKS, er dette eit problem? Det finst ikkje gentest som avdekkar dette problemet. Innspel frå salen: Dette har blitt eit større problem dei siste åra, kanskje særleg svarte flekkar.

Gentesting: Informasjonen om gentesting om våren kom for seint. Gentestinga om våren må evaluerast i ettertid, mellom anna kor mange av dei gentesta verane blir stilte på kåring. Gentesting er kostbart for vereringane og det er usikkert om ringane har økonomi til å halde fram med det på same nivå som i dag. Det ideelle vil vere gentesting om hausten og kort svartid.

Tilslag semin: Tilslaget på seminene går nedover utan at ein veit årsaka til dette. Tilslaget går mest ned på kvit spæl. Det kan bli nye tinerutiner ved inseminering.

Kva er viktig å avle på framover for å få sauene til å vare lenger? Jurbetennelse, vomb i skinn, børframfall, jurform, speneplassering.

Vaksenvekt: Tyngre sauer treng meir mat. Det er ideelt å vege sauene i midten av januar. Det var ikkje stemning i salen for å innføre dette.

Fødselshjelp: Innspel frå salen om å fjerne registrering av fødselshjelp på enkeltlam.

Ekstraspenar: Det vart stilt spørsmål om ein bør kåre verlam som har meir enn to spenar?

KÅRING 2021: PRAKTISK GJENNOMFØRING

Einar Helge Haugstad viste fram oppsettet for kåringane hausten 2021.

Kåringsavgifta aukar med kr 50,- til kr 200,-.

Dommarsituasjonen: Det er på sikt bruk for fleire og yngre dommarar, dette er noko ein må ha fokus på framover.

Er det bruk for kåringsjåa ? Ja, ein må ha ein fysisk kontroll av dyra og ikkje berre sette inn i ringane verlam med høg indeks etter GS-test. Kåringane er og ein sosial møteplass og viktig for sauemiljøet i bygdene. Viktig med kåring for kontroll av ulla. Kåringssjåa er viktige for sal av kåra verlam til bruksbesetningane.

For mange ringverar blir slakta: For nokre vereringar er det eit problem at ein ikkje får selt ringverane vidare og at dei difor blir slakta. I andre område er dette ikkje noko problem. Nokre ringar har den praksisen at ringmedlemmene ikkje får selje kåra verlam slik at ringen får selt sine avkomstgranska verar.

NSG bør arbeide for at det berre er kåra verlam og avkomstgranska verar som kan seljast. Dette må bli eit krav frå Mattilsynet. Det var eit ønskje frå møtet om at SFSG sender inn ei sak om dette til styret i NSG.

Lineær dømming: Dette er brukt på andre dyreslag. Det kom spørsmål om dette er aktuelt på sau og synspunkt på at Sogn og Fjordane bør foreslå dette for avlsrådet.

ANSVARSAVKLARING OG KOMMUNIKASJON MELLOM RINGANE OG AVLSUTVALET I SFSG

Avlsutvalet har ikkje ansvar for vereringane. Ringane blir styrt av NSG sentralt ved avlsavdelinga.

Ringane kan sende inn innspel og synspunkt på arbeidet i avlsrådet til avlsutvalet ved Tom Idar Kvam.

Det kom forslag om å ha minst 1 møte i året mellom avlsutvalet og ringane. Dette kan enten vere fysisk møte som dette eller teamsmøte.

Forsamlinga fekk til slutt i oppgåve å kome med innspel om tema til møtet med Thor Blichfeldt i Sogndal 29.10.21. Frist for innspel 01.09.21

Skrivar: Anne Moen

